

!R! call brev;exit;

Det Kongelige Landbruksdepartementet,
Postboks 8007 Dep,
0030 OSLO

Arkivkode
V00 &13

Vår ref.
03/01947 -RR

Dykkar ref.

Dato
09.12.03

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

HØYRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE
MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL TILTAK I
SKOGBRUKET - HØYRINGSUTTALE FRÅ GOL KOMMUNE

Saka er behandla etter delegert fullmakt frå Utval for natur og næring med saksnr. 0243/03

Saksvedlegg:

1. Høyringsutkast frå Landbruksdepartementet, datert 28.10.03

Saksopplysningar:

Landbruksdepartementet har den 28. oktober d.å. sendt ut høyringsutkast på:

- Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket
- Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Høyringsfristen er sett til 11. desember d.å. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket erstattar forskrifta spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK), forskrift om investeringstøtte til miljøtiltak (IMT) og forskrift om tilskot til miljøretta omlegging i kornområdene (MOMLE). I tillegg omfattar forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket tiltaket "Områdetiltak" som tidlegare kun har vore styrt gjennom rundskriv.

Forskrifta om nærings- og miljøtiltak i skogbruket erstattar forskrift om søknad om handsaming av søknader og utbetaling av statstilskot m.v. til skogsveger og forskriftene om tilskot til praktikantar i skogbruket, førstegongstynning, drift i vanskeleg terreng, skogkultur, bygging av skogsveger og miljøtiltak i skogbruket.

Som ein oppfølging av overføring av vedtaksmynde frå stat og fylke til kommunane på landbruks- og miljøområde f.o.m. 01.01.2004, vil kommunane få tildelt ein årleg økonomisk disposisjonsramme frå Fylkesmannen. Denne vil omfatte midlane til miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegging. Rammen til den enkelte kommune vil bli fastsett ut frå fleirårige tilskotsstrategiar som kommunen utarbeider.

Bruken av midlane skal forvaltast med grunnlag i dei forskrifter som denne høyringsuttalen omhandlar. Forskrifta opnar for ei breiare satsing på miljøtiltak i landbruket med kommunal og regional styring.

Vurdering:

Generelt gjev høyringsutkastet kommunane stor fridom til å prioritere mellom dei ulike tiltak, fastsette tilskotssatsar og nærmare kriteriar og eventuelle vilkår. Det vert lagt opp til at kommunane skal ha handlingsrom og sjølv kunne legge opp til lokaltilpassa verkemiddelbruk.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket

Gol kommune har følgjande innspel til høyringsutkastet:

§§ 1, 2, 4, 5, 6, 8, 9, 11 og 12

Ingen merknad

§ 3 (vilkår)

Høyringsutkastet legg opp til at det ikkje kan gjevast tilskot til prosjekter eller tiltak på landbrukseigedom der det offentlege har eigarinteresser. Dette kan medføre praktiske problem i høve til moglegheita for å gjennomføre større felles miljøtiltak for fleire landbrukseigedomar som grensar inntil og kring areal eigd av stat, fylke eller kommune. Områdetiltaket "Kongevegen" i Hemsedal er i så måte eit godt døme pga. at dette er eit miljøtiltak som har tilknytning til fleire landbrukseigedomar samtidig som sjølve "Kongevegen" ligg på statleg grunn.

Søknad om tilskot til restaurering av freda og verneverdige bygningar på landbrukseigedomar er i dag ei mykje etterspurd ordning i Gol. For å kunne kvalitetssikre tiltaket i høve til m.a. verneverdi, hadde det vore ein klar føremon om forskrifta gav føringar på at regional kulturminneforvaltning bør gje uttale på slike aktuelle tiltaket.

§ 7 (utbetaling)

I høve til arbeidet med godkjenning av ulike tiltak, ville det vore ein føremon om forskrifta gav uttrykk for at *"minst 10 % av tilskotet holdes tilbake inntil sluttregnskap er lagt fram og tiltaket er ferdiggodkjent av kommunen"*.

§ 10 (omgjøring, tilbakebetaling og motregning)

Arbeidsmengde knytt til oppfølging og gjennomføring, tilseier at det vil vere føremålstenleg at *"krav om tilbakebetaling av tilskot ikkje kan settast fram seinare enn 10 år etter siste utbetaling"*, jfr. § 16, 3 ledd i eksisterande forskrift om spesiell tiltak i landbrukets kulturlandskap.

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Gol kommune har følgjande innspel til høyringsutkastet:

§§ i kapittel 1, 3, 4, 5, 6 og 7

Ingen merknad

§ 2-1 (generelt)

Med utgangspunkt i § 1-1 "Formål", der det m.a. er fokusert positivt på "lokale prioriteringar og tilpassingar", bør det generelt vere opp til den enkelte kommune om dei vil bruke ein del av tildelte midlar til m.a. skogplanting.

Det har tidlegare, fram til 31.12.02, vore gjeve tilskot til skogplanting i dei kommunane som har "fjellbygdstatus", som t.d. kommunane i Hallingdal. Fleire år tidlegare hadde "skogområda" mista det generelle tilskotet til planting. I dette må det ha liggje ein politisk vurdering der det vert erkjent at både biologiske og økonomiske tilhøve for skogbruket i dette landet varierer mykje og at stimuleringstiltaka i skogbruket også bør ta omsyn til dette.

Generelt er det mange stader vanskeleg å få opp ny skog i høgreliggjande områder etter foryngelseshogst. Etablert råhumusdekke i høgreliggjande granskog, og dårleg frømodning i dei same områda, er både gjennom forskning og erfaring erkjent som viktige element i denne samanheng. Det synes derfor å vera dårleg samanheng mellom intensjonane i høyringsforskrifta om lokale prioriteringar og den kategoriske formuleringa: "Det skal ikke gis tilskudd til skogplanting".

Gol kommune vil med bakgrunn i ovanforståande derfor tilrå at § 2-1, fjerde ledd vert fastsett slik: *"Det skal ikke gis tilskudd til kjøp av utstyr eller tiltak som ved uttak av virke gir overskudd"*.

VEDTAK:

Til høyringsutkast om "Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket" har Gol kommune følgjande uttale:

§§ 1, 2, 4, 5, 6, 8, 9, 11 og 12

Ingen merknad

§ 3 (vilkår), tillegg 2. ledd:

Ved søknad om tilskot til restaurering av freda og verneverdige bygningar i landbruket bør regional kulturminneforvaltning gje uttale.

§ 7 (utbetaling), tillegg 2. ledd:

Minst 10 % av tilskotet holdes tilbake inntil *sluttregnskap er lagt fram og tiltaket er ferdiggodkjent av kommunen*.

§ 10 (omgjøring, tilbakebetaling og motregning), tillegg:

Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 10 år etter siste utbetaling.

Til h yringsutkast om "Forskrift om tilskot til n rings- og milj tiltak i skogbruket"
har Gol kommune f lgjande uttale:

   i kapittel 1, 3, 4, 5, 6 og 7

Ingen merknad

  2-1 (generelt), nytt 4. ledd:

Det skal ikke gis tilskudd til kjøp av utstyr eller tiltak som ved uttak av virke gir
overskudd.

Saka vil som fullmaktssak bli referert p  f rste m te i Utval for natur og n ring

Med helsing

Olaug Gr nseth Granli,
Utvalsleiar UNN

Robert R rvik,
avdelingsleiar

Einar Mj lid,
skogbrukssjef

Likelydande brev til:

- Utval for natur og n ring (UNN), her
- Fylkesmannen i Buskerud, Landbruksavdelinga, Postboks 1604, 3007 DRAMMEN

Postmottaket

Fra: robert.roervik@gol.kommune.no
Sendt: 11. desember 2003 10:30
Til: Postmottaket
Emne: Høyringsuttale Gol kommune, saksnr. 2003 02997



Høyringsuttale
landbruksforskr...

2003 / 2997	141
11 DES 2003	ASK/BS
TIN	486

Hei !

Vedlagt følgjer Gol kommune sin høyringsuttale på forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Med helsing

Robert Rørvik,
avdelingsleiar,
Gol kommune

(See attached file: Høyringsuttale landbruksforskrifter.doc)